

Protokollar

2016

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 18.04.17 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.00.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Aslaug Marit Øyehaug, Jostein O. Mo, Pauline Vartdal Vinjevoll, Toril Hasfjord og Frida Gilberg, Bjørn Helset melde forfall, og for Helset møtte vara Frida Gilberg.

Styreleiar Jon Helge Bjørndal møtte på vegne av styret. Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka. . Hild Våge møtte ikkje.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Jostein O. Mo og Toril Hasfjord vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Repsak 01-17: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak 02-17: Resultat mot budsjett 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar orienteringa om resultat 2016 mot budsjett 2016 til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

Rep.sak 03-17: Godkjenning av årsmelding 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen godkjenner årsmelding for 2016 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret. Til saka låg det ved særutskrift frå styresak 12-17. Årsmelding og rekneskap 2016 med revisormelding. Protokollar frå styret frå juni 2016 til april 2017.

Repsak 04-17: Godkjenning av rekneskapen for 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen godkjenner rekneskapen for 2016 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak 05-17: Val av klageutval

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet vedtek at representantskapen skal vere felles klageutval for VØR saker.

Handsaminga:

Administrasjonen sin tilråding til vedtak:

1. Representantskapet vedtek at det felles klageutvalet for VØR saker skal ha fire personar. To ifrå kvar kommune.
2. Disse vert med i klageutvalet i kommunestyreperioden 2015-2019.

Frå Ørsta:

Frå Volda:

Leiar:

Leiar Jan Henning Egset foreslo slikt alternativ til administrasjonen sin tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek at representantskapen skal vere felles klageutval for VØR saker.

Dette3 vart vedteke, då 7 stemde for Egset sitt framlegg og ingen stemde for administrasjonen sitt forslag til vedtak.

Repsak 06-17: Referatsaker

Vedtak 7 røysteføre

Representantskapen tar referatsakene til orientering


Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Denne referatsaka vart lagt fram på møtet:


- Årshjulet 2017.
- Utkast til reviderte forskrifter er til politisk handsaming. Rep.skapen ber om at ordet renovasjonsforskrifter vert nytta og i forslaget som har gått til kommunane.
- Revisjon av vedtektene for VØR – endra låneramme.
- Møte på Grodås vedk. kommunesamanslåing Hornindal – Volda.

Rett utskrift 18.04.17


Jan Henning Egset
Leiar


Jostein O. Mo


Toril Hasfjord


Petter Bjørdal
referent

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 11.10.16 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.00.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Aslaug Marit Øyehaug, Jostein O. Mo, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, og Toril Hasfjord Bjørneset og Eilev Halkjellsvik. Arne Oddmund Torvik og Bjørn Helset melde forfall. Vara for Helset, Frida Gilberg, var kalla inn, men hadde ikkje høve til å møte. For Arne Oddmund Torvik vart Eilev Halkjellsvik kalla inn, men han møtte ikkje.

Styreleiar Jon Helge Bjørndal møtte som leiar i styret. Dagleg leiar Petter Bjørndal møtte og førte møteboka. Leiar Jan Henning Egset leia møtet. Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Aslaug Marit Øyehaug og Toril Hasfjord Bjørneset vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Rep.sak 06-16: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak: 07-16 Vidare framdrift på prosjekt Biogass.

Vedtak 7 røysteføre

1. Styret får fullmakt til å arbeide vidare med planene om eit biogassanlegg på Melsgjerdet, i tråd med plan i styresak 23-16.
2. Kostnader med innleige av rådgivarar til dette arbeidet, vert å dekkje ved bruk av konto 2000, Eigenkapital.
3. Representantskapen ber styret invitere inn fleire aktørar i arbeidet med å realisere eit Biogassanlegg.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Punkt 3 i vedtaket vart fremja av Jan Henning Egset.

Repsak 08-16 Budsjett 2017

Vedtak 7 røysteføre

Representantskapen i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2017.

1.1

mva

		Eks mva	Inkl
A	Renovasjon standard (140 L rest / 140 L papir)	kr 1800,00	kr 2250,00
B	Renovasjon storhushald (240 L rest / 240 L papir)	kr 3240,80	kr 4051,00
C	Renovasjon m/kompostavtale (140 L rest/140 L papir)	kr 1440,00	kr 1800,00

D	Renovasjon storhushald ekstra (340 L rest / 340 L papir)	kr 4680,00	kr 5850,00
E	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pr.abb (140 L rest / 140 L papir)	kr 1620,00	kr 2025,00
F	Renovasjon samarbeid 240L/340L/660L pr.abb	kr 1710,40	kr 2138,00
G	Renovasjon samarbeid storhush ekstra p rabb. (340 L rest /340 L papir)	kr 2430,40	kr 3038,00
H	Renovasjon standard pluss (140 L rest / 240 L papir)	kr 1800,00	kr 2250,00
I	Renovasjon storhushald pluss. (240L rest. 340 L papir)	kr 3240,80	kr 4051,00
J	Renovasjon kompostering pluss (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1440,00	kr 1800,00
K	Renovasjon storhushald ekstra plusspr abb (340 L rest / 440 L papir)	kr 4680,00	kr 5850,00
L	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr abb (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1620,00	kr 2025,00
M	Renovasjon samarbeid 240/340/660L pluss pr abb	kr 1710,40	kr 2138,00
N	Renovasjon samarbeid storhush ekstra pluss pr abb	kr 2430,40	kr 3038,00
O	Renovasjon nedgravd felleskontainer	kr 1800,00	kr 2250,00
P	Henteavtale kvar 14 dag	kr 265,60	kr 332,00
Q	Renovasjon hyblar	kr 900,00	kr 1125,00
R	Ekstra sekk til restavfall	kr 50,40	kr 63,00
S	Renovasjon fritidsbustad fellespunkt	kr 850,40	kr 1063,00
T	Renovasjon fritidsbustad med eigen behaldar restavfall	kr 1000,00	kr 1250,00
U	Renovasjon fritidsbustad med egne behaldarar for rest- og papiravfall	kr 1500,00	kr 1875,00

1.2 Kloakkslam - Heilårsbustad

	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 1240,00	kr 1550,00
b) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 7 m3	kr 1686,40	kr 2108,00
c) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 10 m3	kr 2657,60	kr 3322,00
d) Gebyr for årleg tømning av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 2480,00	kr 3100,00
Kloakkslam Fritidsbustad		
e) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 620,00	kr 775,00
f) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 7 m3	kr 843,20	kr 1054,00
g) Gebyr for tømning av slamavskiljar inntil 10 m3	kr 1329,60	kr 1662,00
h) Gebyr for årleg tømning av slamavskiljar inntil 4,5	kr 2480,00	kr 3100,00
Kloakkslam - Tett tank		
i) Gebyr for tømning av tett tank inntil 6,0 m3	kr 3295,20	kr 4119,00
j) Gebyr pr m3 for tett tank over 6,0 m3	Kr 470,40	Kr 588,00
Tillegg til ordinær tømepreis		
k) Ekstratømning innafor rute	kr 440,00	kr 550,00
l) Til køyring ved naudtømning innan 24 timar	kr 2038,40	kr 2548,00
m) TIL køyring ved ekstratømning	kr 1412,00	kr 1765,00

n)	Tøming med spesialutstyr - std slangelengde	kr 1412,00	kr 1765,00
o)	Tøming med spesialutstyr utover std slangelengde pr time:	kr 1400,00	kr 1750,00
p)	Gebyr pr m3 for tank over 4,5 m3	kr 545,60	kr 682,00
q)	Gebyr pr m3 for felles kommunale tankar > 10 m3	kr 525,60	kr 657,00

Slammet skal tømast kvart år for dei med tette tankar, annakvart år for slamavskiljar knytt til heilårsbustad og kvart fjerde år for slamavskiljar knytt til fritidsbustad. Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i begge kommunestyra.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Repsak 09-16 Referatsaker

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar referatsakene til orientering


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:


- Avfall Norge - Farvel til den sorte søppelsekken
- Avfall Norge – Frå matbord til matjord

Hovdebygda 11.10.16


Jan Henning Egset
Leiar


Aslaug Marit Øyehaug


Toril Hasfjord Bjørneset


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 26.01.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 18.30

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen.

Frå administrasjonen møtte Gunn Velle, Petter Sandvik og Petter Bjørndal. Bjørndal førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 1- 06.

Sakliste:

Sak 01-16. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status økonomi tredje og fjerde kvartal 2015, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Evaluering innføring av 14 dagers innsamling og status pr 20.01.16, Status nye tiltak: Fritidshus og komposteringsavtalar, Status investeringsplanar, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / om Farleg Avfall, Referat frå siste fellesmøte Årim, SSR og VØR den 14 januar.

Sak 02-16 Samarbeid om kommunikasjon Årim, SSR og VØR

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar presentasjonen til orientering

Handsaminga:

Kommunikasjonsansvarleg orienterte om korleis dei tre renovasjonsselskapa på Sunnmøre kan samarbeide.

Sak 03-16 Økonomiplan 2017-2021

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen opprettheld 60 % målet om materialgjenvinning innan 2020. For å støtte opp om dette målet prioriterar representantskapen slike investeringar:

2017:

Rest investeringar i grunn Melsgjerdet, bygningar, sorteringsplate hageavfall og yttergjerde Kr 7.000'

Inntil 2 mill i kjøp av behaldarar for matavfall og glas og metall

Inntil 1,0 mill i containerar og relevant utstyr for hytterrenovasjon

2018:

Inntil 1,0 mill i henteordning for farleg avfall.

Inntil 2,0 mill i overbygging av sorteringsplate for hageavfall.

Inntil 1,0 mill i utstyr for å utvide sorteringstilboda på Miljøstasjonen. Nærare vurdering vert å legge fram for styret.

2019:

Inntil 4 mill kr i om og påbygging av administrasjonsbygget i Hovdebygda.

Representantskapen føreset at bilar, hjullastarar, kværner og anna sorterings og innsamlingsutstyr, vert leasa for å redusere den totale lånemengda. Ved auka låneramme vert dette å vurdere ved neste rullering av økonomiplan.

Eventuelt biogassanlegg vert å vurdere når resultatet av forprosjektet ligg føre.

Handsaminga: Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 04-16. Status biogassanlegg for matavfall.

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret tar orienteringa om status så langt i forprosjektet til vitande.
2. Styret ber om det vert gjennomført ein studietur til Greve Biogass i Tønsberg med aktuelle mottakarar av bioresten. VØR dekkjer reisekostnadene, men slik at det vert sett eit tak på inntil 10 representantar inklusiv VØR sine representantar.
3. Styret ber om at det vert oppretta ei kombinert prosjektstilling, som får til ansvar å gjennomføre utbyggingsoppgåver for VØR knytt til utvikling av Melsgjerdet, nedgravde løysingar og biogass. Prosjektstillinga får ei tidsramme på tre år.

Handsaminga: Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 05-16 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering.

Handsaminga:

Referatsaker handsama i møte:

Referat frå eigarmøte i Retura Norge AS, Forkjøpsrett aksjar Rekom AS, Revisjonsrapport GPN, Nyhendebrev frå Rekom AS, Effektrapport google. Rapport frå aktivitet på heimesida

Sak 06-16. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 26.01.16 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 26.01.16




Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Anne Ellingsen




Ove Myklebust



Petter Bjørndal - referent



Ann Britt Våge Fannemel



Helge Standal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 29.03.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 7 og 8- 16. Før møtet tok til, hadde styremedlemene ei presentasjonsrunde med den enkelte sin bakgrunn og erfaring.

Sakliste:

Sak 07-16. Tekning av aksjar i Retura Norge AS.

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret vedtek å teikne seg for 33 aksjar i Retura Norge AS i tråd med tilbod av 2 mars 2016.
2. Styret ber om at det i tillegg vert kjøpt intil 100 aksjar, dersom det vert mogleg etter første teikningsrunde.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Anne Ellingsen fremja nytt punkt 2.

Styret ber om at det i tillegg vert kjøpt intil 100 aksjar, dersom det vert mogleg etter første teikningsrunde.

Adm sitt forslag til punkt 2. Styret ber om at det vert kjøpt ytterligare 80 aksjar, dersom det vert mogleg etter første teikningsrunde.


Sak 06-16. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 29.03.16 slik den ligg føre.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Hovdebygda 29.03.16



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel



Anne Ellingsen



Helge Standal



Ove Myklebust



Petter Bjørndal - referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 04.04.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 19.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 09 til 14-16.

Sakliste:

Sak 09-16 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Dagleg leiar orienterte om: Økonomi første kvartal 2016, Fakturering 1. halvår, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Glas og metall - status, Kommunikasjonsarbeid, Hald Noreg Reint, Slamtøming - status, Personalsituasjonen, Status fritidshus, Status komposteringsavtalar, Status off. innkjøp, Status investeringsplanar , Nytt frå tilsynsmyndighetene / og om Farleg Avfall, Status biogass, Status samarbeid Årim, SSR og VØR

Sak: 10-16. Resultat mot budsjett 2015.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Sak: 11-16. Årsmelding og rekneskap 2015

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskap for 2015 med dei endringar som kom fram i møte.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Sak 12-16 Prøveordning innsamling av matavfall i 2017.

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret viser til saksutgreiinga og ber representantskapen vurdere framdrift og tidspunkt for innføring av innsamling av matavfall.
2. Styret vil legge fram ny sak til representantskapen i oktober 2016.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak:

1. Styret vedtek å innføre prøveordning med innsamling av våtorganisk avfall / matavfall frå 1. desember 2017.
2. Styret vedtek differensierte gebyr med slik henting pr abonnent:
 - a) Småhushald våtorganisk: Henting av våtorganisk avfall i 140 l grøn behaldar med brunt lok kvar fjortande dag. Henting av restavfall i 140 L behaldar kvar fjerde veke.
 - b) Standard våtorganisk: Henting av våtorganisk avfall i 140 l grøn behaldar med brunt lok kvar fjortande dag. Henting av restavfall i 240 L behaldar kvar fjerde veke.
 - c) Storhushald våtorganisk: Henting av våtorganisk avfall i 140 l grøn behaldar med brunt lok kvar fjortande dag. Henting av restavfall i 340 L behaldar kvar fjerde veke.
3. Samarbeidsabonnement og plussabonnement vert å handtere som etter forskriftene.
4. Styret ber administrasjonen tilpasse innsamling og informasjon til dei nye ordningane.

Sak 13-16 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Henting av restavfall hos bu og servicesenter, Bustadtype 151 i matrikkelen - notat. Nasjonal avfallskonferanse i juni i Trømsø - Påmelding. Styreleiar avgjer kven som reiser.

Effektrapport google - aktivitet på heimesida

Insiktsrapport facebook 1 og 30 mars .Brønnøysundregistra - Firma attest. 16/1721
Anskaffelse - Forprosjekt biogass, VØR, 2016. Ulf Rognstad. Ørsta Kommune mail 10.02.16
Styrekurs og avfallsbransjen og avfallspolitikk 10-11 mai i Molde. Synfaring Vestfold i regi
av Avfallsforum M&R. Årsrapport SRG. Stønad bachelorutdanning med VA fag ved NTNU
avd Ålesund. Bygderydding 2016. Munnleg orientering etter møte med Volda Kommune
04.04. vedkomande nedgravde løysingar i Smiebakken m.fl.


Sak 14-16. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 04.04.16 slik den ligg føre.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.

Hovdebygda 04.04.16


Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust


Petter Bjørdal - referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 31.05.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 17.45

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset melde avbod i eigenskap av å vere leiar i representantskapen. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 15 til 19-16.

Sakliste:

Sak 15-16 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Dagleg leiar orienterte om: Økonomi første tertial 2016, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Glas og metall - status, Kommunikasjonsarbeid, Hald Noreg Reint, Slamtøming - status, Personalsituasjonen, Status fritidshus, Status off. innkjøp, Status investeringsplanar , Nytt frå tilsynsmyndighetene / og om Farleg Avfall, Status biogass, Status samarbeid Årim, SSR og VØR
Status Biogassprosjektet - foilar frå Rambøll

Sak: 16-16. Resultat mot budsjett 1 tertial.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande med dei endringane som det vart opplyst om i møtet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Spørsmålet om budsjettkorrigeringsno, vart drøfta. Styret ber administrasjonen vert beden om å vurdere behovet for budsjettkorrigerings til hausten.

Sak: 17-16. Kjøp av aksjar i Voldsfjordkryssing AS

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret i VØR takkar nei til å teikne seg for aksjar i Voldsfjordkryssing AS.

2. Styret ynskjer ikkje å engasjere seg i framtidige samferdselsprosjekt.

Handsaminga:

Helge Standal fremja slikt forslag som vart samrøystes vedteke.

1. Styret i VØR takkar nei til å teikne seg for aksjar i Voldsfjordkryssing AS.
2. Styret ynskjer ikkje å engasjere seg i framtidige samferdselsprosjekt.

Adm sitt forslag til vedtak:

Styret vedtek å teikne 150 aksjar i Voldsfjordkryssing AS à kr 1.000,-
Investeringa vert å finansiere frå kto 2000 Eigenkapital.

Sak 18-16 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet: Effektrapport google - april, Insiktsrapport facebook, Forprosjekt biogass, muntleg orientering, Styrekurs og avfallsbransjen og avfallspolitikk 5-6 september i Molde, Aksjeoversikt Retura Norge AS, Årsmelding og rekneskap Rekom AS, Forkjøpsrett aksjar i Rekom AS, Energiregion Møre - Program for møte 2 mai, Tildeling av kontrakt til Rekom for levering av restavfall. Notat. Årsmelding og rekneskap Retura Norge AS, samtalepunkt frå møte med Fylkesmannen 18.05.16
Dagleg leiar melder på alle eigaroppnemnde styremedlemar til samling i Molde 5-6 september.


Sak 19-16. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 31.05.16 slik den ligg føre.

Handsaminga: Samrøystes vedteke.


Hovdebygda 31.05.16



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust


Petter Bjørndal - referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 27.09.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 19.30

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 20 til 26-16.

Sakliste:

Sak 20-16 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Dagleg leiar orienterte om: Økonomi andre tertial 2016, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Glas og metall - status, Kommunikasjonsarbeid, Hald Noreg Reint, Slamtøming - status, Personalsituasjonen, Status fritidshus, Status off. innkjøp, Status investeringsplanar , Nytt frå tilsynsmyndighetene / og om Farleg Avfall, Status biogass, Status samarbeid Årim, SSR og VØR . Konsekvensar av avfallsforskrifta kap 11.

Sak: 21-16. Resultat mot budsjett 2 tertial.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Biogass bør førast som FOU kostnad og aktiverast ilag med bruk av interntid.

Sak 22-16 Budsjett 2017

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2017.

1.1		Eks mva	Inkl mva
A	Renovasjon standard (140 L rest / 140 L papir)	kr 1800,00	kr 2250,00
B	Renovasjon storhushald (240 L rest / 240 L papir)	kr 3240,00	kr 4050,50
C	Renovasjon m/kompostavtale (140 L rest/140 L papir)	kr 1440,00	kr 1800,00
D	Renovasjon storhushald ekstra (340 L rest / 340 L papir)	kr 4680,00	kr 5850,00
E	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pr.abb (140 L rest / 140 L papir)	kr 1620,00	kr 2025,00
F	Renovasjon samarbeid 240L/340L/660L pr.abb	kr 1710,00	kr 2137,50
G	Renovasjon samarbeid storhush ekstra p rabb. (340 L rest /340 L papir)	kr 2430,00	kr 3037,50
H	Renovasjon standard pluss (140 L rest / 240 L papir)	kr 1800,00	kr 2250,00
I	Renovasjon storhushald pluss. (240L rest. 340 L papir)	kr 3240,00	kr 4050,50
J	Renovasjon kompostering pluss (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1440,00	kr 1800,00
K	Renovasjon storhushald ekstra plusspr abb (340 L rest / 440 L papir)	kr 4680,00	kr 5850,00
L	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr abb (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1620,00	kr 2025,00
M	Renovasjon samarbeid 240/340/660L pluss pr abb	kr 1710,00	kr 2137,50
N	Renovasjon samarbeid storhush ekstra pluss pr abb	kr 2430,00	kr 3037,50
O	Renovasjon nedgravd felleskontainer	kr 1800,00	kr 2250,00
P	Henteavtale kvar 14 dag	kr 265,00	kr 331,25
Q	Renovasjon hyblar	kr 900,00	kr 1125,00
R	Ekstra sekk til restavfall	kr 50,00	kr 62,50
S	Renovasjon fritidsbustad fellespunkt	kr 850,00	kr 1062,50
T	Renovasjon fritidsbustad med eigen behaldar restavfall	kr 1000,00	kr 1250,00
U	Renovasjon fritidsbustad med egne behaldarar for rest- og papiravfall	kr 1500,00	kr 1875,00

1.2 Kloakkslam - Heilårsbustad		Eks mva	Inkl mva
a)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 1240,00	kr 1550,00
b)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 7 m3	kr 1686,00	kr 2107,50
c)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 10 m3	kr 2657,00	kr 3321,25
d)	Gebyr for årleg tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 2480,00	kr 3100,00
Kloakkslam Fritidsbustad			
e)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 620,00	kr 775,00
f)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 7 m3	kr 843,00	kr 1053,75
g)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 10 m3	kr 1328,50	kr 1660,63
h)	Gebyr for årleg tømning av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 2480,00	kr 3100,00
Kloakkslam - Tett tank			
i)	Gebyr for tøming av tett tank inntil 6,0 m3	kr 3295,00	kr 4118,75
j)	Gebyr pr m3 for tett tank over 6,0 m3	Kr 470,00	Kr 587,50
Tillegg til ordinær tømepreis			
k)	Ekstratøming innafor rute	kr 440,00	kr 550,00
l)	Til køying ved naudtøming innan 24 timar	kr 2038,00	kr 2547,50

m)	TIL køyring ved ekstratøming	kr 1412,00	kr 1765,00
n)	Tøming med spesialutstyr - std slangelengde	kr 1412,00	kr 1765,00
	Tøming med spesialutstyr utover std slangelengde pr time:	kr 1400,00	Kr 1750,00
o)	Gebyr pr m3 for tank over 4,5 m3	kr 545,00	kr 681,25
p)	Gebyr pr m3 for felles kommunale tankar > 10 m3	kr 525,00	kr 656,25

Slammet skal tømast kvart år for dei med tette tankar, annakvart år for slamavskiljar knytt til heilårsbustad og kvart fjerde år for slamavskiljar knytt til fritidsbustad. Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i begge kommunestyra. 140L Glasbeholdar innafør gebyret gjeld abonnementtypene A-O.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Adm vert beden om å korrigere satsar til heile kroner inkl mva og elles korrigere saksframstillinga i tråd med det som kom fram i møtet.

Sak: 23-16. Vidare framdrift på prosjekt Biogass

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Styret får fullmakt til å arbeide vidare med planene om eit biogassanlegg på Melsgjerdet, i tråd med plan i styresak 23-16.
2. Kostnader med innleige av rådgivarar til dette arbeidet, vert å dekkje ved bruk av konto 2000, Eigenkapital.
3. Under føresetnad av positivt vedtak i representantskapen i punkt 1, vedtek styret slik framdrift for å avklare grunnlaget for etablere eit biogassanlegg på Melsgjerdet.
 - A Dagleg leiar startar prosessen med å søkje om konsesjon for eit biogassanlegg på Melsgjerdet, for å avklare etablerings- og drifts-vilkår til eit slikt anlegg.
 - B Dagleg leiar vert beden om å avklare nærare vilkår og bruk av biogassen.
 - C. Dagleg leiar vert beden om å kvalitetssikre mengder og råstoff til eit slikt anlegg.

Handsaminga.

Samrøystes vedteke.

Sak 24-16 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet: Styrekurs og avfallsbransjen og avfallspolitikkk 5-6 september i Molde. Korleis opplevde styret dette ? Utskrift frå Kontrollutvalet 24.05.16
Tolkning og praktisering av forskriftene sin § 10 og 11. Mail frå Marit Aklestad 8 juni og 31 august. Adm svarer i tråd med det som kom fram i møtet. Avfall Norge – Innsamling. Avfall Norge – Biologisk behandling
ail frå Norne Securities 9 juli vedkomande aksjar Rekom AS. Rammeavtale kjøp av nedgravde avfallskontainerar

Sak 25-16 Styret sin eigenevaluering 2016

Tilråding til vedtak
Styret vedtek eigenevaluering 2016.


Handsaminga:
Samrøystes vedteke.

Sak 26-16. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)
Styret godkjenner protokoll frå møte 31.05.16 slik den ligg føre.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke.

Hovdebygda 27.09.16



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar




Ann Britt Våge Fannemel



Anne Ellingsen



Helge Standal



Ove Myklebust



Petter Bjørndal - referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 29.11.16 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 27 til 34-16. Ann Britt Våge Fannemel melde avbod Vara Erlend Krumsvik vart kalla inn, men hadde ikkje høve til å møte. Møtet starta med synfaring på Melsgjerdet frå kl 15.00 – 15.30. Ny sak 33-16. Investering i nytt utstyr

Sakliste:

Sak 27-16 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Dagleg leiar orienterte om: Økonomi , Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Glas og metall – status, Kommunikasjonsarbeid, Slamtøming – status, Personalsituasjonen, Status fritidshus, Status off. innkjøp, Konsekvensar av avfallsforskrifta kap 11, Status investeringsplanar , Tilsyn, Status biogass, Framdrift Melsgjerdet, Lønsoppgjeret, Status samarbeid Årim, SSR og VØR

Sak 28-16. Handlingsplan 2017

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner handlingsplan 2017 dagsett 29.11.16 med dei endringar som kom fram på møtet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Glasinnsamling frå 2018 vert fire gangar pr år. (Fellesforslag)

Sak 29-16 Møteplan og årshjul 2017

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek årshjul og slike møtedagar i 2017.

For styret: 31 januar, 28 mars, 20 juni, 26 september, 14 november.

For representantskapen: 18 april, 10 oktober.

Møtestart 14.00

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Tillegget om møtetidspunkt etter forslag frå styreleiar

Sak 30-16 Prisar på avfall levert over vekt

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek slike betalingsattsar over vekt for 2017 inkl mva:

Restavfall kr 2,50.

Trevirke kr 1,50

Isopor i sekk kr 50,-

Metall kr 0,-

Hageavfall frå private kr 0,- Gebyr ved kasting av anna avfall i hageavfallet kr 400,-

Farleg avfall, E.E avfall og papp / papir frå private kr 0,-

Asbest, Pcb vindu og impregnert kr 0,- intil 1000 kg pr år pr abonnent..

Minstepris restavfall og trevirke kr 50,-

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Sak 31-16: Tap på krav

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner sletting av krav på kr. 4052,50, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Sak 32-16 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Årsmøtekonferansen Avfallsforum Møre og Romsdal 4-5 april 2017- munnleg orientering

Nasjonale avfallskonferanse 13-15 juni 2017 i Kristiansand- munnleg orientering

Oversikt hentepunkt for fritidshusrenovasjon – oversikt til styret. Strategiplan Avfall Noreg 2017-2019. E-post frå Geir Nerdal i Haf vedkomande aksjar Rekom AS

E-post frå Øystein Solevåg vedkomande framdrift Biogass, studietur til Greve med meir

Brev frå VØR vedkomande samarbeid om å realisere biogassanlegg datert 20.10.16. Svarbrev

frå Einar Heimdal datert 31.10.16. Svarbrev frå Elling Dypdal datert 02.11.16. Brev av

15.11.16 vedk endring av renovasjonsforskrifter. Biogass dagen til Energigass Norge

25.10.16. Brev frå Volda kommune vedk nedgravde løysingar. Brev til Volda kommune vedk planprogram og nedgravde løysingar.

Sak 33-16. Investering i nytt utstyr.

Vedtak (4 røysteføre)

Dagleg leiar får fullmakt til å vurdere kva som er meste lønsamt av å kjøpe og lease utstyr.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke etter forslag frå styreleiar

Sak 34-16. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 29.11.16 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Hovdebygda 29.11.16


Jon Helge Bjørndal

Styreleiar


Helge Standal


Petter Bjørndal - referent


Anne Ellingsen


Ove Myklebust